

Spikertelt-byggjing held fram

08.01.2011

Byggjinga av spikertelt på Rabben Feriesenter og Øyro Marina held fram og no har Jarle ulriksen i Odda fått godkjent eit mindre byggjearbeid. Det er tretelt med sluse til campingvogn.

Eitt av vilkåra er at treteltet ikkje skal vere større enn 15 kvadratmeter og terrassar heller ikkje større enn det.

Største breidde utanom takutstikk skal vera 3 meter ut frå campingvogna.

Fortelt og tretelt inklusive takutstikk skal ikkje vere lengre enn campingvogna.